



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgssenter
Dato:	20.06.2013
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/28	Underskrift	
PS 13/29	Referatsaker	
	Open post	
PS 13/30	Kommunal planstrategi	2013/86
PS 13/31	Kommunal forskrift- ordensreglement for skulane	2013/278
PS 13/32	Økonomirapport 1. tertial 2013	2013/303
PS 13/33	Eigedomsskatt i Midsund kommune - drøfting	2013/324
Lukka møte	Kommunelova § 31 nr. 3	
PS 13/34	Budsjettendring Raknes skule - nye tiltak (B-sak)	2013/312
PS 13/35	Budsjettendring Butenesta - nytt tiltak (B-sak)	2013/313

Midsund, 13.06.2013

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/28 Underskrift



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2013/86-9

Arkiv: 140

Saksbeh: Linda Heimen

Dato: 16.05.2013

Saksframlegg

Kommunal planstrategi

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/16	Planutvalet	10.06.2013
13/30	Kommunestyret	20.06.2013

Forslag til vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 10-1, vedtek kommunestyret forslag til kommunal planstrategi for Midsund kommune 2013-2016.

Behandling i Planutvalet - 10.06.2013

Rådmann Ketil Ugelvik og samfunnsplanleggjar Linda Heimen orienterte og svarte på spørsmål.

Ordførar Einar Øien fremma følgjande forslag til endring i pkt. 6 - Forslag til prioritering av planoppgåver:

”Næringsplan: Blir flytta frå 2015 til 2014”.

Rådmannen si tilråding med forslag til endring fremma i møtet, samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding i Planutvalet - 10.06.2013

I medhald av plan og bygningslova § 10-1, vedtek kommunestyret forslag til kommunal planstrategi for Midsund kommune 2013-2016.

Endring:

Næringsplan: Blir flytta frå 2015 til 2014

Saksutgreiing:

Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy etter plan- og bygningslova § 10-1. Kommunestyret skal vedta planstrategien minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering. Føremålet med dokumentet er å drøfte og vurdere plansystemet, kva planbehov ein har, og kva ressursar ein har tilgjengeleg i kommunestyreperioden.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men eit dokument meint som verktøy for den kommunale planlegginga. Planstrategien skal først og fremst ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast. Planstrategien skal òg vere eit dokument som tek føre seg viktige utviklingstrekk og utfordringar i kommunen. Sidan samfunnsdelen av kommuneplanen er relativt ny, har ein større kartlegging av utviklingstrekk ikkje vore naudsynt.

Planutvalet vedtok i møte 15.4.2013 å leggje forslag til kommunal planstrategi ut til offentleg ettersyn. Forslaget vart sendt til offentlege myndigheiter og nabokommunar, samt utlagt på kommunen si heimeside. Frist for merknader vart sett til 15.5.2013. Det er blitt registrert tre innspel til planstrategien. Desse er vedlagt og kommentert.

Vurdering:

Innspeil til planstrategien:

1. Fiskeridirektoratet, 29.4.2013:

Vil minne om viktigheita med oppdaterte arealplanar for sjøområda som grunnlag gode strategiske val knytt opp i mot langsiktig arealbruk.

Påpeiker og viktigheita med å inkludere kystsona og marin sektor i arbeidet med planstrategien, slik at ein kan sikre næringas framtidige interesser.

Etter Fiskeridirektoratets vurdering bør alle kystkommunar ha ein strategi for lokalisering og utbygging av småbåthamner.

Midsund kommune skal gjennom revisjonen av kommuneplanas arealdel og Interkommunal plan for Romsdalsfjorden vurdere ein strategi for lokalisering og utbygging av småbåthamner.

2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 15.5.2013:

Peiker på viktigheita med å ha eit oppdatert plangrunnlag for arealforvaltninga i kommunen. Kommunen har mellom anna eit viktig ansvar knytt til landbruk og samfunnstryggleik. Her trengs det langsiktige liner og klare føringar.

Tatt til orientering.

3. Møre og Romsdal fylkeskommune, 23.5.2013:

Kommunen bør gje ei kort vurdering av kva konsekvensar dei nasjonale og regionale føringane kan ha for planlegginga i Midsund kommune, og korleis Midsund kan bidra til å nå nasjonale mål.

Dette er tatt til etterretting og er no omtala i planstrategien..

Kommunen bør gå djupare inn i utfordringane knytt til tettstadsutvikling, bustadbygging og langsiktig arealbruk, samt gjere ei vurdering på om det er område der ein treng eit større kunnskapsgrunnlag.

Tatt til etterretting. Vidare utgreiing vil bli gjort i samband med arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Plan for landbruk og skogbruk og arealdelen av kommuneplana bør arbeidast parallelt.

Tatt til etterretting.

Oppfordrar kommunen til å utarbeide ein kulturminneplan i løpet av kommunestyreperioden.

Dette er tatt inn i oversikta over forslaget til prioritering av planoppgåvene.

Rår kommunen til å sjå revideringa av trafikktryggingssplana i samband med folkehelseperspektivet.

Tatt til etterretting.

Kommunen bør drøfte folkehelseutfordringar i planstrategien.

Tatt til etterretting.

Kommunen bør ta stilling til når «Sikringsplan for areal til allmenta sitt friluftsliv» og «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet» skal rullerast.

«Sikringsplan for areal til allmenta sitt friluftsliv» er ein ny plan som ein skal ta sikte for å ha ferdig i løpet av 2016. «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet» var rullert i slutten av 2012. Dette er retta opp i planstrategien.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
Rådmann

Linda Heimen
Samfunnsplanleggjar

Vedlegg (prenta):

Midsund kommune- kommunal planstrategi- fråsegn til offentleg ettersyn

Kommunal planstrategi for Midsund kommune- offentleg ettersyn

Midsund kommune - kommunal planstrategi – Fråsegn ved offentleg høyring

Offentleg ettersyn – Kommunal planstrategi for Midsund kommune – 2013-2016

Midsund kommune – kommunal planstrategi 2013-2016 – høyringsuttaling

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Fiskeridirektoratet
Aukra kommune
Kystverket
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2013/278-2
Arkiv: B32
Saksbeh: Lasse Alexander
Strømme
Dato: 24.05.2013

Saksframlegg

Kommunal forskrift- ordensreglement for skulane

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/8	Oppvekst- og kulturutval	12.06.2013
13/31	Kommunestyret	20.06.2013

Forslag til vedtak:

Midsund Kommune innfører ei felles forskrift om ordensreglement for skulane i kommunen. Forskrifta vert gjeldande frå fyrste august 2013. Skulane må tilpasse sitt eige ordensreglement med bakgrunn i den felles forskrifta innan fyrste januar 2014.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutvalet 12.06.2013

Midsund Kommune innfører ei felles forskrift om ordensreglement for skulane i kommunen. Forskrifta vert gjeldande frå fyrste august 2013. Skulane må tilpasse sitt eige ordensreglement med bakgrunn i den felles forskrifta innan fyrste januar 2014.

Saksutgreiing:

Kommunen må ha ei eiga forskrift for ordensreglement etter Opplæringslova § 2-9:

”Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike

saker skal behandlast.”

Kunnskapsnett Romsdal har i eit prosjektarbeid om kapittel 9a i Opplæringslova(elevens læringsmiljø) utarbeida eit felles forslag til forskrift om ordensreglement for deltakarkommunane. Forslaget har vore på høyring hos skulane, råd og utval hos desse, utdanningsforbundet og ungdomsrådet i Midsund. Kommunen har ikkje motteke svar på høyringa og forskrifta vert lagt fram utan endringar. Forskrifta kjem omsett til nynorskutgåve hausten 2013.

Vurdering:

Rådmannen meiner det er viktig å ha eit ordensreglement som er omfattande og presist. Det beskriv korleis ein vil ha det i skulesamfunnet. Det beskriv elevanes rettigheitar og plikter, samt tiltak og framgangsmåte ved avvik frå reglane.

Ei felles kommunal forskrift dannar grunnlaget for, og er i tillegg overordna skulanes eigne ordensreglar. Dette bidreg til at skulane har same utgangspunkt for å vurdere elevane i orden og oppførsel.

Økonomiske konsekvensar:

Inga økonomiske konsekvensar.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Lasse Alexander Strømme
Rådgjevar oppvekst

Vedlegg (prenta):

- | |
|--|
| 1. Forskrift om reglement for orden og oppførsel(ordensreglement) ved skulane i Midsund kommune. |
|--|

Vedlegg (uprenta):

- | |
|------------------|
| 1. Høyringsbrev. |
|------------------|



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2013/303-1
Arkiv: 150
Saksbeh: Anne Oterhals
Dato: 30.05.2013

Saksframlegg

Økonomirapport 1. tertial 2013

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/9	Oppvekst- og kulturutval	12.06.2013
13/13	Helse- og omsorgsutval	06.06.2013
13/28	Formannskapet	10.06.2013
13/32	Kommunestyret	20.06.2013

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapporten per 1.tertial 2013 til vitande.
2. Kommunestyret tek finansrapporten per 1.tertial 2013 til vitande.
3. Forslag til budsjettdring investeringsbudsjett 2013.
 - A. Prosjekt 130 Visma Enterprise**
Vedteken ramme på kr 100.000,-og bruk kr 25000 i 2012. resterande ramme kr 75000,-vert gitt som ny løyving i 2013.
 - B. Prosjekt 423 Gjerdet barnehage**
Vedteken ramme kr 900000,- og bruk kr 515000,- i 2012.Resterande ramme kr 385 000,- vert gitt som ny løyving i 2013.
 - C. Prosjekt 470 Selvika byggetrinn I og II**
Ny netto inntektsramme kr 460 000,-. Refusjon frå private – vegar.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 12.06.2013

1. Kommunestyret tek økonomirapporten per 1.tertial 2013 til vitande.
2. Kommunestyret tek finansrapporten per 1.tertial 2013 til vitande.
3. Forslag til budsjettdring investeringsbudsjett 2013.

A. Prosjekt 130 Visma Enterprise

Vedteken ramme på kr 100.000,-og bruk kr 25000 i 2012. resterande ramme kr 75000,-vert gitt som ny løyving i 2013.

B. Prosjekt 423 Gjerdet barnehage

Vedteken ramme kr 900000,- og bruk kr 515000,- i 2012.Resterande ramme kr 385 000,- vert gitt som ny løyving i 2013.

C. Prosjekt 470 Selvika byggetrinn I og II

Ny netto inntektsramme kr 460 000,-. Refusjon frå private – vegar.

Behandling i Helse- og omsorgsutval - 06.06.2013

Rådmannen orienterte om Økonomirapporten 1. tertial.

Vedtak i Helse- og omsorgsutval - 06.06.2013

Økonomirapporten vart tatt til vitande.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 10.06.2013

1. Kommunestyret tek økonomirapporten per 1.tertial 2013 til vitande.
2. Kommunestyret tek finansrapporten per 1.tertial 2013 til vitande.
3. Forslag til budsjettendring investeringsbudsjett 2013.

A. Prosjekt 130 Visma Enterprise

Vedteken ramme på kr 100.000,-og bruk kr 25000 i 2012. resterande ramme kr 75000,-vert gitt som ny løyving i 2013.

B. Prosjekt 423 Gjerdet barnehage

Vedteken ramme kr 900000,- og bruk kr 515000,- i 2012.Resterande ramme kr 385 000,- vert gitt som ny løyving i 2013.

C. Prosjekt 470 Selvika byggetrinn I og II

Ny netto inntektsramme kr 460 000,-. Refusjon frå private – vegar.

Saksutgreiing:

For å sikre effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning er rapportering eit av dei viktigaste verkemidla ein har. I den samanhengen viser rådmannen til **K-sak 13/4 Reglement for budsjettoppfølgning og rapportering**. Der vert det det fastsett når rådmannen skal leggje fram rekneskapsrapportar for kommunestyret. I § 4 i reglementet vert det nærmare beskrive korleis rapporteringa skal gjerast.

Vurdering:

Sjå vedlagt økonomirapport for 1.tertial 2013.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta):

Økonomirapport per 1. tertial 2013

Vedlegg (uprenta):**Særutskrift går til:**